



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kommunestyret
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	24.04.2014
<b>Tid:</b>	16:30 – 18:30

### Medlemer som møtte:

Per Kristian Furø	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Richard Klungsøyr Gjerde	Medlem	H
Frank Lied	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

### Forfall:

Olaug Andreassen	MEDL	AP
Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF
Fred Hansen	MEDL	H
Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Malene Frøystadvåg Remøy	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP

Kjerstin M. Lilleøy Nygard	MEDL	H
----------------------------	------	---

---

**Varamedlemer som møtte:**

Runar Stave	Olaug Andreassen	AP
Øystein M. Kleppestrand	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Mona Grethe Ryssevik	Frank Otto Kvalsvik	KRF
Knut Tandberg	Malene Frøystadvåg Remøy	H
Oddmund Voldsund	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Solveig Helen N. Båtsvik	Dag Kåre Nærø	FRP
Bjørn Myrvåg	Kaja Runde	FOLK/SP

---

**Andre:**

Sekretær Hilde B. Skennes  
Ass.rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Planleggar Ole-Magne Rotevatn  
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Richard Klungsøyr Gjerde kom til møtet etter handsaming av K-sak 45/14.

Møtet var annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste var sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Tilstades var 22 faste og 8 vara, 3 mindre enn fulltalig

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:  
Marthe Vågsholm Sævik og Bjarne Kvalsvik

Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetjing.

Interpellasjon frå Camilla S. Hermansen låg ikkje ved utsendinga, men vart etter avtale med avsendar, ettersend på epost og delt ut i møtet. Ordførar Arnulf Goksøyr svarte på interpellasjonen i slutten av møtet.

Tor Sindre Steinsvik orienterte om at ein på bakgrunn av ugyldig permisjon i førre kommunestyremøte kalla inn gruppeleiarane til eit møte i dag. I møtet vart dei samde om at administrasjonen lagar ei sak om retningslinjer for korleis ein handterer ulovlege permisjonar og melding om forfall til politiske møter.

Bjarne Kvalsvik viste til at orienteringa frå Sunnmørsbadet AS ikkje stod på saklista som politisk sak. Bjarne Kvalsvik har sendt eit skriv der han har gitt uttrykk for sitt syn om saka og vil sende brevet til administrasjonen for vidare distribuering.

Per Kristian Furø hadde spørsmål til om teieplikta som dei vart pålagde i orienteringa om Herøy Varmtvassbasseng AS kunne opphevast.

Ordførar Arnulf Goksøyr viste til K-sak 70/12 §5 i Reglementet for Herøy kommunestyre, at ein i denne saka ikkje kan oppheve teieplikta.

**Følgjande skriv vart delt ut i møte:**

Epost datert 22.04.14 frå Bjarne Kvalsvik vedr. ulovleg permisjon i førre kommunestyremøte  
Interpellasjon frå Camilla S. Hermansen  
K-sak 51/14 – Herøy omsorgssenter – Gul avdeling – Søknad om mellombels godkjenning.  
Tilråding frå Helse og omsorgskomiteen, Eldrerådet og Formannskapet.

Marthe Vågsholm Sævik

Arnulf Goksøy

Bjarne Kvalsvik

---

underskrifter

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 45/14	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 46/14	Protokoll frå førre møte.
PS 47/14	Delegerte saker
PS 48/14	Referatsaker
PS 49/14	Drifts - vedlikehaldsavtale for Gurskøy kunstgrasbane.
PS 50/14	Slutthandsaming utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging as
PS 51/14	Herøy omsorgssenter - gul avdeling - søknad om mellombels godkjenning
PS 52/14	Sal av Jacobsenhuset

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 130/14 BT Utbygging as v/Bjarne Tarberg - 46/79,80 m fl - lgangsettingsløyve veg og leidningsnett
- DS 131/14 Kjøp av bustadtomt 26/229 på Leinane.
- DS 132/14 Asbjørn Toftesund 47/12 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 133/14 Stian Goksøyr 80/25 - Ferdigattest for einebustad
- DS 134/14 Gnr 29 Bnr 84 Frådeling av nausttomt
- DS 135/14 Kjøp av bustadtomt 26/230 på Leinane.
- DS 136/14 Gnr 19 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 19 bnr 73
- DS 137/14 Statens Vegvesen - 48/10 og 11 - Riving og sanering
- DS 138/14 Truls Are Torvik 19/11 - Løyve til riving og oppføring av nytt uthus
- DS 139/14 Eivind Inge Leine 24/38 - Endring av tidlegare gitt løyve
- DS 140/14 Herøy Byggsenter as - 24/85 - Endring av gitt løyve
- DS 141/14 Kjøp av gnr 26 bnr 233 - Leine
- DS 142/14 Eva Janne Djupvik - 44/27 - Rehabilitering av skorstein
- DS 143/14 Vegard Fiksdal 22/72 - Løyve til opparbeiding av infrastruktur i privat byggefelt på Espeseth
- DS 144/14 Ferdigattest - 38/230 - Tilbygg Helsesenter
- DS 145/14 Ferdigattest - 79/134
- DS 146/14 Boguslaw Lopuzynski 34/401 - Ferdigattest for tilbygg/garasje
- DS 147/14 Anne-Marte Berge 31/161 - Ferdigattest for terrasse og bod
- DS 148/14 Olga Maspanova 60/413 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 149/14 Oddvar Torvik 17/4 - Løyve til riving av driftsbygning
- DS 150/14 Greta Sund - 4/269 - Bruksendring og fasadendring
- DS 151/14 Fluda Eiendom as - 25/47 - Endring av gitt løyve

- DS 152/14 Standardkontrakt
- DS 153/14 Gunn Helsem Leine 26/84 - Ferdigattest garasje
- DS 154/14 Oddvar Torvik 17/4 - Løyve til riving av driftsbygning
- DS 155/14 Gnr 8 Bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal til gnr 8 bnr 39, 40 og 41.
- DS 156/14 Haven Prosjekt AS 76/105 snr.21 - Endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 157/14 Berge og Flusund grendalag - 28/2 - Gapahuk
- DS 158/14 Frede Uldbæk - 87/15 - Opparbeiding av veg
- DS 159/14 Frank Abrahamsen 83/86 - Mellombels bruksløyve for naust
- DS 160/14 Mellombels bruksløyve -35/14 - Hus B - seksjon 5, 6, 8, og 9
- DS 161/14 Herøy kommune v/eigedomsavdelinga - 26/29 og 43 -Riving og sanering
- DS 162/14 Haven Prosjekt AS 76/105 - Mellombels bruksløyve for hytte nr 21 på Budaneset
- DS 163/14 Herøy kommune 24/5 - Løyve til oppføring av pumpestasjon på Nærøya
- DS 164/14 Gnr 37 Bnr 335 - Makebyte mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune og Herøy kommune
- DS 165/14 Kjøp av gnr 26 bnr 231
- DS 166/14 Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 167/14 Mats Inge teige - 34/173 seksjon 4 - Vinterhage
- DS 168/14 Mellombels bruksøyve 29/266
- DS 169/14 Eigedomar i Tjørvåg - Gnr 55, bnr 28, 7, 31 og 30 - Tilkobling til sanitærabonnement/kommunal slamutskillar - Endring av ansvarsrett utførande
- DS 170/14 Gisle Vinjevoll Thrane - 12/30 - Endring av gitt Løyve
- DS 171/14 Underskreven standardkontrakt

## **Referatsaker**

RS 20/14	Vedrørende tilsynssak Gul avdeling
RS 21/14	Om Ragnar Thorseth
RS 22/14	Årsmelding Herøyspelet 2013

## **PS 45/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Bjarne Kvalsvik hadde merknad til saklista med spørsmålet:  
Er rutinene med journalføring av inn og utgåande post gode nok?

Ass.rådmann svarte på spørsmålet i slutten av møtet og viste til rutinene i K-sak 237/11 - Arkivplan i Herøy kommune.

Bjarne Kvalsvik etterlyste også at namn og partinamn på dei som røystar blir ført i protokollen.

I K-sak 79/12 Reglement for Herøy formannskap og komiteane står det i § 11, punkt 4: Røystinga i formannskap og komiteane skal vere protokollerte slik at det tydeleg kjem fram kven som røystar kva (namn, parti). I Reglement for Herøy kommunestyre er dette ikkje nemnt.

## **PS 46/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

Per Kristian Furø hadde slik merknad til protokollen:  
I orienteringssaka om Sunnmørsbadet AS er det ikkje protokollert røystetalet for og imot å lukke møtet.

I røystinga om å lukke kommunestyremøte 27.03.14, under delar av orienteringa frå Sunnmørsbadet AS, røysta 18 for å lukke møtet og 10 røysta mot.

Svein Gjelseth etterlyste skriftleg framlegg som han kom med i førre møte, då orienteringssaka om Sunnmørsbadet AS var oppe.

Svein Gjelseth kom med slikt framlegg til orienteringssaka:

1. Kommunestyret viser til orienteringa frå styreleiar i Sunnmørsbadet om økonomi og framdrift 27.03.14
2. Kommunestyret bed om at det på kvart kommunestyremøte fram til Sunnmørsbadet er ferdig og overlevert vert rapportert om framdrift og økonomi i prosjektet

Det vart ikkje røysta over framlegget.

Svein Gjelseth etterlyste svar på kva som skjer vidare med det skriftlege framlegget.



Ordførar Arnulf Goksøyr svarte at han ville invitere styreformann i Sunnmørsbadet AS for ei orientering – så sant det er vesentlege endringar i prosjektet som er viktig for kommunestyret å ha kjennskap til. Dette gjeld også orientering om framdrifta av prosjektet. Fast månadleg orientering er ikkje hensiktsmessig.

## **PS 47/14 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

## **PS 48/14 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

## **PS 49/14 DRIFTS - VEDLIKEHALDSAVTALE FOR GURSKØY KUNSTGRASBANE.**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014**

1. Utkast til samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av Gurskøy kunstgrasbane på Leikong mellom Gurskøy idrettslag og Herøy kommune v/ Anlegg og driftsavdelinga vert godkjent.
2. Anlegg og driftsleiar får fullmakt til å underteikne avtalen på vegne av kommunen.
3. For kjøp av vedlikehaldstenestene som framgår av avtalen, betaler Herøy kommune frå 01.01.2014 ein årleg sum til Gurskøy idrettslag på kr. 60.000,-
4. Teneste 5125 «Idrett» får i driftsbudsjettet for 2014 ei tilleggslyving på kr 110.000,- til dekking av tenestekjøp under pkt. 3 medrekna auke i tilleggskostnader. Tilleggslyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Søknaden om økonomisk støtte til kjøp av traktor vert ikkje imøtekomen.

## **PS 50/14 SLUTTHANDSAMING UTBYGGINGSAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG BT UTBYGGING AS**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014**

1. Utbyggingsavtale mellom Herøy kommune og BT Utbygging vert godkjent.
2. Ordførar får fullmakt til å signere utbyggingsavtalen på vegne av Herøy kommune.

## **PS 51/14 HERØY OMSORGSSENTER - GUL AVDELING - SØKNAD OM MELLOMBELS GODKJENNING**

### **Møtebehandling:**

Saksprotokoll for saka vart delt ut i møtet.

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Det vart halde gruppemøte.

Ap/V kom med slikt nytt framlegg:

1. Herøy kommunestyre godkjenner Sjukeheimsvegen 5B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til 01.05.16.
2. Herøy kommunestyre viser til budsjett 2014 og økonomiplan 2015-2017 og bed om at planlegging av nye omsorgsbustadar med heildøgns omsorg, lokalisert i eksisterande helse og omsorgsområde på Eggesbønes, vert oppstarta umiddelbart.

10 røysta for det nye framlegget frå Ap/V.

Formannskapet si tilråding vart vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014**

1. Kommunestyret godkjenner Sjukeheimvegen 5 B mellombels som sjukeheimsavdeling for Herøy omsorgssenter – gul avdeling – til utgangen av 31.12.2016.

## **PS 52/14 SAL AV JACOBSENHuset**

### **Møtebehandling:**

Eigedomsleiar Robert Myklebust orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2014**

1. Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å selje eigedomen gnr. 34 bnr. 36 – Jacobsenhuset - til høgstbydande etter forutgåande marknadsføring og budrunde.

**MØTET SLUTT!**